

Årsmelding Økonomi- og markedsgruppa 2022

Økonomi- og markedsgruppa har i 2022 vore samansett slik:

- ✓ Bjørn Gunnar Ansnes, leiar
- ✓ Jenny Stensby, kasserar
- ✓ Mali Skjeremo Brøndbo, medlem
- ✓ Anja Ø. Torvik, medlem

Økonomi- og markedsgruppa har gjennom året hatt fem møter. Elles har vi bruka Messenger gruppa vår for å fordele oppgåver og utveksle informasjon. Anja Ø. Torvik gjekk ut av økonomigruppa frå august på grunn av flytting.

Økonomi- og markedsgruppa si verksemd:

Økonomi- og markedsgruppa har gjennom året hatt fem kioskarrangement på Bordholmen stadion i samband med fotballkampar. Den eine i samband med treningskamp i påska, der banen var leigd bort til I.L. Sjøya.

Økonomi- og markedsgruppa har stått som ansvarleg for to lotteri

- ✓ «Superlotteriet» i samband med Todalsdagen
- ✓ «Idrettslagsbasar» i ungdomshuset.

Totalt kom det inn i overkant av 55.000,- kroner på desse to lotteria.

Økonomi- og markedsgruppa var innleigd av Surnadal kommune for å servere kaffe og kaker under bygdemøtet kommunen arrangerte i gymsalen på Todalen skule 30.mai. Økonomigruppa satt att med rundt 600,- for dette oppdraget.

I samband med «Stangvikfestivalen 2022» var Økonomi- og markedsgruppa ansvarleg for puben under «Operapuben» i ungdomshuset. Her vart det eit nettoresultat på i overkant av 5.000 kroner.

Økonomi- og markedsgruppa har utover dette søkt og fått innvilga økonomisk støtte frå:

- ✓ SpareBank1 SMN – kr. 20.000,- til kjøp av kantslåmaskin og slådd til Toåa tursti
- ✓ Sparebankstiftelsen Surnadal Sparebank – kr. 20.000,- til kjøp av varmepumper i ungdomshuset.
- ✓ Sparebank1 Nordmøre – kr. 15.000,- i gåvemidlar
- ✓ Svorka AS – kr. 5.000,- til reparasjon/vedlikehald av Toåa tursti

Økonomi- og markedsgruppa takkar alle samarbeidspartnarar og alle andre for samarbeidet i 2022.

Todalen 06.02.2023

Bjørn Gunnar Ansnes
leiar